

Årsmøteprotokoll

27.04.2022

Det vart halde årsmøte i ”Foreininga for Landsbyhuset Breidablik” onsdag 27.04.2022 kl. 20:00.

Møtet vart halde i Landsbyhuset Breidablik.

Sak 01/22 : Val av ordstyrar

Harald Sætre (styreleiar) vart samrøystes valt som ordstyrar.

Sak 02/22 : Godkjenning av innkalling

Årsmøtet vedtok samrøystes godkjenning av innkalling. Årsmøtet var annonsert på heimesida til LBHB og på Facebook. Årsmøtet etterlyste plakatar i bygda.

Sak 03/22 : Val av ein person, i tillegg til ordstyrar, for underskriving av protokoll

Alvhild Kvamme Iversen vart samrøystes valt til å skrive under protokollen.

Sak 04/22 : Oppteljing av medlemar og antal stemmer på årsmøtet


Det var 5 stk. medlemar tilstades og desse representerte 5 røyster.

Sak 05/22 : Årsmelding og årsrekneskap 2021

- Årsmeldinga for 2021 vart lagt fram av styret og opplest av ordstyraren. Årsmøtet vedtok samrøystes årsmeldinga for 2021. Det var ikkje merknadar.
- Resultatrekneskap, balanse og revisjonsmelding for 2021 vart opplest. Årsmøtet vedtok samrøystes årsrekneskapen for 2021. Det var ikkje merknadar. Årsmøtet tok revisjonsmeldinga til vitande.

Sak 06/22 : Budsjett og andre økonomiske disposisjonar for 2022

- Styret la ikkje fram budsjett for 2022. Orientering om naudsynte gjeremål og planar vart gitt. Årsmøtet tok orienteringa til vitande.



BREIDOBLIK

Sak 07/22 : Val av styremedlemar, styreleiar og kasserar/økonomiansvarleg

Toril Urkedal (økonomi/utleige), Bjarte Rovde (drift/teknisk) og Lisa Iversen (kjøken/utstyr/arr.) er på val. Desse har vore valnemd for 2022.

- Valnemda har kome med fylgjande forslag til val, og styret innstiller slik:
Toril Urkedal (økonomi/utleige), Bjarte Rovde (drift/teknisk) og Lisa Iversen (kjøken/utstyr/arr.).

Årsmøtet vedtok samrøystes innstillinga.

Styret for 2022-2023 (fram til neste årsmøte) vert dermed samansett slik :

Styreleiar:	Harald Sætre	1 år
Økonomiansvarleg:	Toril Urkedal	2 år
Styremedlem:	Lisa Iversen	2 år
Styremedlem:	Bjarte Rovde	2 år
Styremedlem:	Knut Olav Skare	1 år
Styremedlem:	Ingvill Helene Kristensen	1 år

Sak 08/22 : Val av valnemd for 2023

- Styret innstiller på at dei utgåande medlemmane i styret på årsmøtet i 2023 utgjer ny valnemd : Harald Sætre, Knut Olav Skare, Ingvill Helene Kristensen.


Årsmøtet vedtok samrøystes forslaget til valnemd for 2023.

Sak 09/22 : Val av revisor

- Styret innstiller på attval av Jarle Gunnarstein som revisor.

Årsmøtet vedtok samrøystes forslaget til revisor.

Årsmøtet vart avslutta ca. kl. 21:30.


.....
Ordstyrar


.....
Medunderskrift

